



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
04.01.2017
Dykkar dato
21.11.2016

Vår referanse
2010/14263- 561
Dykkar referanse
200803245-30

Noregs vassdrags- og energidirektorat

nve@nve.no

Fråsegn til planendring for Nyasetdalen kraftverk i Vik kommune

Vi viser til oversendinga datert 21.11.2016 med søknad om planendring for Nyasetdalen kraftverk.

Bakgrunn

I konsesjonen for Nyasetdalen kraftverk er det lagt til grunn inntak i overkant av kote 720, og kraftstasjon om lag ved kote 470, med avløp like ovanfor eit planlagt bekkeinntak for Feios kraftverk. Sognekraft AS søkte opphavleg om inntak ved kote 770, men i planendringssøknaden går det fram at høgda var målt feil i felt, og at det opphavlege inntakspunktet var på kote 800. I så fall skulle det konsesjonsbestemte inntakspunktet ligge i overkant av kote 750. Planendringa går ut på å plassere inntaket ved kote 795 og kraftstasjon ved kote 443. Det vert vurdert å flytte bekkeinntaket for Feios kraftverk ned til kote 430, slik at eventuell ny plassering av kraftstasjonen for Nyasetdalen kraftverk framleis vil liggje nær bekkeinntaket.

Fylkesmannen skal vurdere om tiltak i og ved vassdrag kan råke kjende allmenne interesser, og vi skal også vurdere planane etter lakse- og innlandsfisklova og ureiningslova. Vi legg vekt på prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta.

Vurdering

Det konsesjonssøkte inntaket på kote 800 (feilaktig oppgjeve til kote 770) vart avvist av NVE, fordi det ville liggje eksponert til og dermed råke landskaps- og friluftsjakter. Den konsesjonssøkte plasseringa på kote 750 ligg meir skjerma for innsyn enn det søknaden la opp til. Foto som følgde planendringssøknaden, og flyfoto, gjev etter vårt syn ikkje grunnlag for å kunne seie at eit inntak på kote 795 vil verte mindre eksponert enn på kote 800. Det er vanskeleg å sjå at eit inntak på kote 795 i større grad vil liggje i eit søkk, og bjørkeskogen ser ut til å vere lenger unna og vil dermed skjerme mindre.

Ved å flytte inntaket nesten opp til det første konsesjonssøkte nivået, vil elvestrekninga mellom kote 750 og 795, og som ligg relativt ope i landskapet, få monaleg redusert vassføring. Dette vil vere negativt for landskap og friluftsliv, og for vasstilknytt naturmiljø.

Det er planlagd traktorveg opp til inntaket, eit inngrep som ofte er synleg på lang avstand. Turruta langs Klukseggi er hovudruta til Rambertinden, eit populært turmål i Vik kommune, og frå fjellryggen er det fritt innsyn rett ned i Nyasetdalen. Redusert vassføring og tilkomstveg ved å flytte inntaket lengre opp i dalen vil vere negativt for friluftsjakter. I bakgrunnsnotatet for konsesjonen er friluftsjakter vektlagde som «...betydelige i dette området.»

Etter vår vurdering vil eit inntak på kote 795, tilkomstveg og redusert vassføring etter utbygging vere like eksponert, og vil råke landskap og friluftsliv i tilnærma like stor grad som inntaket på kote 800, og som NVE har avslått.

Flyttinga av kraftstasjonen frå kote 470 ned til kote 443 vil ikkje auke utbygd elvestrekning, sidan inntaket til Feios kraftverk uansett er planlagt rett nedstrøms. I søknaden går det fram at denne

lokaliseringa og den konsesjonsgitte plasseringa «*framstår som relativt like i terrenget*». Både kote 470 og kote 443 ligg nedanfor stølen Nyasete (kote 510), som det er bygd ein traktorveg til. Vi vurderer at flytting av kraftstasjonen slik det er søkt om, ikkje vil få konsekvensar for naturmiljø eller friluftsliv.

Konklusjon

Fylkesmannen vurderer at endra plassering av inntaket for Nyasetdalen kraftverk frå kote 750 til kote 795 vil få negative konsekvensar for landskap og friluftsimteresser. Etter vår vurdering vil konsekvensane verte tilnærma like store som for det konsesjonssøkte inntaket som vart avslått. Det vil i tillegg vere svært uheldig om ei slik etappevis oppdeling av ein søknad fører til at det vert gjeve konsesjon utan at alle konsekvensane ved utbygginga er vurderte på ein heilskapleg måte. Utifrå dette rår vi frå planendringssøknaden om å endre plasseringa av inntaket. Når det gjeld planendringssøknaden om å plassere kraftstasjonen ved kote 430 i staden for kote 470, ser dette ut til å få små konsekvensar for allmenne interesser, og vi har ikkje vesentlege merknader til ei slik endring.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Kopi: Vik kommune